# NORSK FORENING FOR KIRKEGÅRDSKULTUR

INVITERAR TIL



Bilete frå klokketårnet på Østre kyrkjegard

# ÅRSMØTE
# FAGDAGAR 2008 PÅ GARDERMOEN

28. - 29. august 2008

Tema:

Gravplass i vårt multikulturelle samfunn

## ÅRSMELDING OG ÅRSMØTEINNKALLING
## PROGRAM OG PÅMELDINGSSKJEMA FOR FAGDAGANE

# FAGDAGAR 2008 PÅ GARDERMOEN

## Tema: Gravplass i vårt multikulturelle samfunn

TORSDAG 28. AUGUST

| | |
|---|---|
| kl. 08.30 | Registrering, kaffi |
| kl. 09:30 | **Åpning**<br>Velkommen v/styreleiar Gunnar Wik |
| kl. 09:45 | **Våre nye landsmenn og kyrkjegarden**<br>v/Ole Herman Fisknes, tidl. Ekspedisjonssjef i Kultur- og kyrkjedepartementet |
| kl.10:15 | **Innleiing til tema**<br>v/Øystein Dahle, KA |
| kl.11:00 | **Gravlunden som ein del av integrasjonsprosessen**<br>v/Alexa Døving, religionshistorikar |
| kl.11:30 | **Muslimske skikkar og behov**<br>Gravferd på norsk-islamsk vis<br>v/Arshad Mohammed, Al-Khidmat begravelsesbyrå |
| kl.12:00 | **Informasjon om synfaringa**<br>v/Gravlundsjefane i Oslo |
| kl.12:15 | Lunsj |
| kl.13.15 | **Synfaring**. Avreise til Oslo og Høybråten og Alfaset kyrkjegardar, og Østre gravlund, |
| kl.16:30 | **Årsmøte i Norsk forening for kirkegårdskultur**<br>på Østre gravlund |
| kl.18.15 | Ankomst hotellet |
| kl.19:30 | **Festmiddag** med underhaldning |

FREDAG 29. AUGUST

| | |
|---|---|
| kl.08:30 | **Historia om den jødiske gravlunden**<br>v/Anne Sender, det Mosaiske trossamfunn |
| kl.09:00 | **Erfaring med nye ønskjer frå nordmenn og framandkulturelle**<br>v/Margaret Eckbo, kyrkjegardssjef i Oslo |
| kl.10:00 | Kaffipause |
| kl.10:30 | **Eksempel på lokal tilpassing** |
| kl.11:15 | **Kremasjon**<br>Tilrettelegging for pårørande, seremonilokalar, logistikk<br>v/arkitekt Espen Eskeland og krematoriesjef Anne M. Brøndelsbo |
| kl.12:15 | Lunsj |
| kl.13:15 | **Spørjetime** |
| kl.13:45 | **Kyrkjegardsdatabase, Faglig råd**<br>v/Naomi Wilde, KA |
| kl.14:30 | **Oppsummering** v/Gunnar Wik |

*Informasjon om stad og pris: Sjå side 11*

NORSK FORENING FOR KIRKEGÅRDSKULTUR

## ÅRSMØTEINNKALLING

Det blir med dette kalla inn til årsmøte i Norsk forening for kirkegårds-kultur **torsdag 28. august 2008 kl. 16.30** på Østre Gravlund, Tveten-veien 7, Oslo.

**Dagsorden:**

1. Konstituering
   a. Opprop
   b. Val av dirigent
   c. Val av to referentar
   d. Val av to medlemmer som saman med dirigenten skal underskrive protokollen
   e. Vedtak av dagsorden
2. Årsmelding
3. Rekneskap
4. Fastsetting av kontingent
5. Budsjettforslag
6. Innkomne saker
7. Val av leiar, styremedlemmer og varamedlemmer
8. Val av revisor
9. Val av valkomitè
10. Fastsetting av stad for neste årsmøte

## SAK 2: ÅRSMELDING

Norsk forening for kirkegårdskultur er ei forening som drives frå Drangedal. Årsmeldinga er for andre halvdel av 2007 og første halvdel av 2008.

**Tillitsvalde:**

| | | |
|---|---|---|
| Leiar: | Gunnar Wik, kyrkjeverje i Bergen | |
| Nestleiar: | Naomi Louise Wilde, landskapsarkitekt, Bærum | (valt -06) |
| Styremedlemmer: | Johannes Sørhaug, kyrkjesjef i Porsgrunn | (valt -06) |
| | Eirik Stople, gravlundssjef i Stavanger | (valt -07) |
| | Tove Kirsten Hansen, kyrkjeverje i Alstahaug | (valt -07) |
| Vararepr.: | Randi Moskvil Letmolie, kyrkjeverje i Horten | |
| | Hans Jakob Nes, kyrkjeverje i Molde | |
| Revisor: | Ernst & Young AS | |
| Valkomité: | Harald Geir Sæther, kyrkjeverje i Fusa (leiar) | |
| | Mary Mentzoni Iversen, oppsynsman i Harstad | |
| | Ingeborg Nordlund, kyrkjeverje i Surnadal og Rindal | |
| Tilsette: | Synnøve Haugstad Sira (75%) | |
| | Bjarne Kjeldsen (50%) | |

**Årsmøtet 2007**

Årsmøtet fant stad torsdag 29. august på Rica Alta Hotel, Løkkeveien 61 i Alta. Det møtte 39 personar på årsmøtet, 33 av dei hadde stemmerett. Gunnar Wik blei valt til dirigent. Bjarne Kjeldsen og Synnøve Haugstad Sira blei valde som referenter, og Anne Lise Haakestad og Dagfinn Holte til, saman med dirigenten, å underskrive protokollen.
Det stod 10 saker på dagsorden. Framlagt årsmelding for 2006 og første halvdel av 2007 og rekneskap for 2006 blei godkjent, og budsjett for 2008 teken til etterretning. Dagsorden og årsmelding blei godkjent utan merknader. Det var ingen innkomne saker for drøfting.
Val: Eirik Stople (ny) og Tove K.Hansen (ny) blei valt til styremedlemmer for to år. Varamedlemmer Randi Moskvil Letmolie og Hans Jakob Nes. Ernst & Young AS blei valt som revisor.

**Sekretariat**

Sekretariatet held til i leide kontorlokale på Neslandsvatn i Drangedal i Telemark. Synnøve Haugstad Sira har 75% stilling som kontor- og kursleiar, med kontortid mandag - torsdag kl. 09.00 - 16.00. Kontorleiar fører rekneskapen og er sekretær for styret. Bjarne Kjeldsen er tilsett som prosjektleiar i 50% stilling. Han har kontor i Kirkens Hus i Oslo.
Arbeidsmiljøet er bra. Det har vore lite sjukefråvær i perioden.

**Styrets arbeid**

Det er halde to styremøte i perioden, eit i 2007 og eit i første halvår 2008.

Det er behandla i alt 25 saker.
Hovudsakene har vore:
***Fagdagar og kurs*** (eige punkt i årsmeldinga)
***Rekneskap og budsjett*** (eigne årsmøtesaker)
***Fagleg råd:*** (eige punkt i årsmeldinga)
***Kyrkjegardsdatabasen:*** (eige punkt i årsmeldinga)
***Grøntfagleg fokus:*** Arbeid med å få eit godt grøntfagleg tilbod for våre medlemmer. Forhandlar med Fagus (Faglig utviklingssenter for grøntanleggssektoren) om ein muleg tilknytingsmåte til deira grøntfaglege database og nettbaserte rådgjeving.
***Norsk kremasjonsstiftelse:*** I tillegg til å vere NFK sin representant i stiftelsen, er Bjarne Kjeldsen innleigd på timebasis for sekretariattenester.
***Internasjonalt samarbeide:*** (eige punkt i årsmeldinga)

**Foreningens medlemmer**

| | 2008 | 2007 | 2005 | 2004 | 2003 |
|---|---|---|---|---|---|
| 1 Fellesråd / kommunar | 372 | 383 | 374 | 371 | 372 |
| 2 Sokneråd | 7 | 14 | 15 | 17 | 17 |
| 3 Personlege | 78 | 84 | 91 | 101 | 109 |
| 4 Livsvarige | 13 | 13 | 15 | 16 | 16 |
| 5 Firma, prostar, biskopar | 66 | 60 | 58 | 56 | 60 |
| 6 Æresmedlem | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 |
| Sum | 536 | 554 | 553 | 561 | 574 |

På medlemskap 1 og 5 er det anledning til å ha ekstraabonnentar, slik at medlemslistene i alt viser 1227 adresser.

**Faglig råd**
Rådet består av leiar og nestleiar i NFK, samt representantar frå Fagforbundet, Delta (tidl.KFO), KA Kirkelig arbeidsgiver- og interesseorganisasjon, Norske Landskapsarkitekters forening (NLA), Begravelsesbyråenes Forum - Norge (BFN), Stenindustriens Landssammenslutning (SIL) i tillegg til kyrkjegardskonsulenten og seniorrådgjevar i Kirkerådet Per Tanggaard. Dei to siste møter i kraft av eigen kompetanse. Prosjektleiar i NFK er sekretær for rådet.
Formålet med rådet er å skape ein arena for tverrfagleg drøfting av aktuelle kyrkjegardsfaglege problemstillingar, og å stimulere til tettare kontakt mellom aktørane i sektoren. Vidare skal rådet gi NFK sitt styre eit styrka grunnlag for målretta satsing for medlemmer og sektoren generelt.
Det har vore tre møter i rådet. Saker som er drøfta: Rådets verksemd og arbeidsform, Stat/kyrkje - kor står vi?, Kompetanse og rekruttering. Det har vore tre møter i rådet. Blant saker som har blitt drøfta kan nevnes: Rådets verksemd og arbeidsform, Kompetansebehov og felles faglige arrangement. Rådet har også blitt enige om ein felles gjennomgang av dagens gravferdslov med tanke på ein framtidig revisjon. Faglig råd har oppfordra NFK og BFN til å

arrangere felles fagdagar om temaet ”Gravferd og miljø”. Planen er at eit slikt arrangement skal finne stad i 2010. Dei øvrige organisasjonane i Faglig råd vil bli invitert til å vere til stades. NLA har til nå ikkje vore representert på møta.

**Kyrkjegardsdatabasen**

Arbeidet for oppretting av ein sentral kyrkjegardsdatabase har vore eit viktig satsingsområde for NFK også i denne perioden. Målsetninga er at databasen skal bli ein allsidig ressurs for både lokale forvaltningar, sentrale myndigheter og fagmiljø. Kyrkjegardsdatabaseprosjektet er eit samarbeid mellom KA og NFK. Sidene vil få internettadressa www.kirkegaard.no
Landskapsarkitekt Naomi Louise Wilde er tilsett av KA i 75% stilling for å arbeide fram databasen.
Samtidig vil NFK sine nettsider www.kirkegaardskultur.no bli lagt om og fornya, og det vil bli ei oppbyggings- og designmessig tilknyttning mellom desse to nettstadane. Målet er at nettsidene i tillegg til å ha informasjon om foreningas tilbod og verksemd, også skal vere ein stad for kyrkjegardsrelatert nyhetsstoff, vegvisarar til relvante ressurssider, og ein arena for erfaringsdeling og nettverksbygging.

**Publikasjonar**

Tidsskriftet ***Kirkegården*** er utkomen med fire nummer i perioden: I september, november, mars og juni. Redaktør er Alf Bergin. Redaksjonsutval: Geir Riise, Helge Klingberg, Synnøve Haugstad Sira og Bjarne Kjeldsen. Vara Arne Eggen.
Faglitteratur for sal: Hefta ***Lov om kirkegårder, kremasjon og gravferd. Forskrifter***, ***Kirkegårdens ABC***, ***Gravminner i Gudbrandsdal, Idèkonkurranse om formgiving av gravminner*** og ***Kirkegårdens dag.***
Rapporten ***Drift og vedlikehold av kirkegårder -arbeidsforbruk og kostnader.*** Bøkene ***Kirkegården -et levende kulturminne*** og ***Utvidelser og nyanlegg av kirkegårder -håndbok for tiltakshaver.*** Bestillingsskjema ligg på våre nettsider www.kirkegaardskultur.no.

**Fagdagar 2007**

Onsdag 29.- fredag 31. august var 93 personar samla til fagdagar i Alta.
Årets tema var: Effektiv arbeidsplass og tilrettelagt sorgstad.
Foredrag: *Sett Nordfrå* v/biskop emeritus Ola Steinholt, *Organisering av forvaltning og drift* v/spesialrådgjevar Tore Byfuglien, KA, *Møte med menneske i sorg* v/kapellan i Alta Jan E. Hanssen og Einar Suhr, *Kremasjon og urnenedsetting* v/prest Hilde Fylling, *Krematorietilbodet i Nord-Norge* v/oppsynsmann Mary Menzoni Iversen, *Vakre kyrkjegardar på tross av klima* v/Lise-Lotte Bjarnadottir, *Estetikk på kyrkjegarden, kvardagsestetikk* v/Anita Veiseth, *Gjenbruk også i Finnmark?* v/kyrkjeverje Anne-Lise Haakestad og gravar Geir Inge Winther, *Spørjetime* v/bl.a. kyrkjegardskonsulent Helge Klingberg.
Program elles:

Første kvelden var det orientering om samisk kultur, etterfølgt av middag i gamme på Boazo sami siida. Andre dagen reiste vi med buss via Kåfjord og Kåfjord kyrkjegard samt Tirpitz-museet, til Hammerfest. Der var vi innom Isbjørnmuseet, før vi åt lunsj på Turistua som låg oppå fjellet med vakker utsikt over byen. Deretter orienterte landskapsarkitekt Jan Feste om Fjordadalen kyrkjegard før vi reiste ut på synfaring. Returen til Alta gjekk over eit vakkert og solrikt Sennaland.

**Kurs og arrangement**

***Administrasjon av kyrkjegardar*** 22.-29. oktober 2007 på Sjømannskyrkjas anlegg El Campanario i Spania med 23 deltakarar
Foredragshaldarar: Kyrkjegardskonsulent Helge Klingberg, diakon Hans Kristian Havgar og rådgjevar Inghild Hareide Hansen
Tema: Kyrkjegardens plass i forvaltninga, Gravferdslov, forskrifter og vedtekter, Døden i Spania, Saksbehandlingsrutinar, God forvaltning=god service, Gravregister og gravplan, Berekning av gravbehov, Kyrkjegardsplan og reguleringsplan, Registreringsarbeid og oppdatering av kartverk, Bevaringsarbeid på kyrkjegarden, Gravminne, Gravfeste og gravlegat.
***Praktisk kyrkjegardsdrift*** 20. - 23.november 2007 i Drammen med 27 deltakarar. Kurset er grunnopplæring i kyrkjegardsdrift, og deltakarar var kyrkjegardsarbeidarar, driftsleiarar, kyrkjeverjer og kontorpersonale.
Tema: Lover og reglar for kyrkjegarden, praktisk drift og vedlikehald, gravminne, gravferda, kyrkjegardsteknikk, nyanlegg og utviding, oppdatering av kartverk, gravregistrering, gravfeste, gravlegat, møte med menneske i sorg.
Foredragshaldarar: Kyrkjegardskonsulent Helge Klingberg, gartnar Eva Marie Larsen, og terapeut og spesialpedagog Oddveig Hellebust.
***Grøntanlegg på kyrkjegarden*** 1.-3. april 2008 i Tønsberg. Kurset blei støtta økonomisk av Agder og Telemark bispedømmeråd.
Tema: Vegetasjonens betyding på kyrkjegarden, Planteval –langsiktig plan, Jorddekkingsmateriale, Plantearbeid og etablering, Vedlikehald av anlegget, Vedlikehald av veger og plasser, Trepleie, Beskjering av buskar og tre, Gras, Staudar, løk og sommerblomar, Drifts og vedlikehaldsplan, Gruppearbeid: Utarbeiding av beplantingsplan og arbeidsplan for eigen kyrkjegard, Synfaring til Tønsberg nye og gamle kyrkjegard.
Foredragshaldarar: Anleggsgartnar Morten Bragdø, og landskapsarkitekt Naomi Louise Wilde.
***ASCE-konferanse*** 20.-22. september 2007 i samarbeide med Stavanger og Sandnes kyrkjelege fellesråd (sjå under "Internasjonalt samarbeid")

**Internasjonalt samarbeid**

Det nordiske samarbeidet foregår i samarbeidsorganisasjon ***Nordiska förbundet för kyrkogårdar och krematorier (NFKK)***. Våre representantar er Gunnar Wik (leiar) og kyrkjeverje i Fredrikstad Odd Andersen. Organisasjonen har ansvar for planlegging og gjennoføring av ein nordiske kongress kvart 4. år.

I 2007 blei det i tillegg arrangert eit nordisk leiarseminar i København, 8.-9. oktober.
Medlemskap i ***Association of Significant Cemeteries in Europe (ASCE)*** der Gunnar Wik er styremedlem. Den årlige ASCE-konferansen går på rundgang mellom medlemslanda, og var denne gongen lagt til Stavanger 20.-22. september 2007. Tema var *The significance of cementeries in society.* Vi sto som medarrangør saman med Stavanger, Sandnes, Bærum og Bergen kyrkjelege fellesråd. NFK v/sekretariatet hadde ansvar for påmelding, fakturering og rekneskap. Det var 82 deltakarar frå 16 land, og hovedspråket var derfor engelsk. Det var foredragshaldarar frå Danmark, Irland, Italia, Austerrike, Serbia, Tyskland og Norge, med tema som søkte å belyse kyrkjegardens funksjon som sørgestad, stad for kontemplasjon og rekreasjon, som utandørs museum eller park, og som ein viktig stad for bevaring av kulturarv.

## SAK 3: REKNESKAP

Styrets forslag til godkjenning av rekneskap for 2007:

| **INNTEKTER** | **Rekn. 2007** | Budsj. 2007 | Rekn. 2006 |
|---|---|---|---|
| Kontingentar | **761 198** | 650 000 | 330 360 |
| Sal publikasjonar og annonsar | **236 885** | 180 000 | 229 639 |
| Fagdagar, årsmøte | **443 491** | 270 000 | 492 705 |
| Kurs | **616 349** | 500 000 | 739 648 |
| ASCE-konferanse | **131 642** | | |
| Tilskott | **100 000** | 240 000 | 100 000 |
| Andre inntekter | **25 154** | 20 000 | 25 288 |
| Renteinntekter | **33 411** | 10 000 | 19 365 |
| **Sum** | **2 348 130** | 1 870 000 | 1 937 005 |
| **UTGIFTER** | | | |
| Publikasjonar | **289 513** | 350 000 | 290 929 |
| Fagdagar, årsmøte | **448 351** | 250 000 | 394 694 |
| Kurs | **478 066** | 410 000 | 581 087 |
| ASCE-konferanse | **114 901** | | |
| Styreutgifter | **70 668** | 70 000 | 81 845 |
| Kontor, administrasjon | **106 087** | 80 000 | 80 373 |
| Nordisk samarbeide | **33 561** | 30 000 | 13 342 |
| Utval | **0** | 15 000 | 0 |
| Lønnsutgifter | **349 742** | 320 000 | 328 537 |
| Prosjektleiar | **323 758** | 320 000 | 231 814 |
| Andre kostnader | **24 111** | 25 000 | 19 561 |
| **Sum** | **2 238 758** | 1 870 000 | 2 022 182 |
| **RESULTAT** | **109 372** | 0 | -85 177 |

| **BALANSE** | **2007** | 2006 |
|---|---|---|
| EIGEDELAR | | |
| Omløpsmidler: | | |
| Drangedal og Tørdal Sparebank | **689 960** | 681 328 |
| Uteståande | **76 197** | 43 154 |
| **SUM EIGEDELAR** | **766 157** | 724 482 |
| EIGENKAPITAL OG GJELD | | |
| Eigenkapital: | | |
| Fri eigenkapital pr. 1.1 | **457 112** | 542 289 |
| Årets resultat | **109 372** | -85 177 |
| Sum eigenkapital | **566 484** | 457 112 |
| Kortsiktig gjeld: | | |
| Skyldig skatt, avgifter, lønn | **55 998** | 52 556 |
| Annan kortsiktig gjeld | **143 675** | 214 814 |
| Sum gjeld | **199 673** | 267 370 |
| | | |
| **SUM EIGENKAPITAL OG GJELD** | **766 157** | 724 482 |

## Revisjonsberetning for 2007

Vi har revidert årsregnskapet for Norsk Forening for Kirkegårdskultur for regnskapsåret 2007, som viser et overskudd på kr 109 372. Vi har også revidert opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet og forutsetningen om fortsatt drift. Årsregnskapet består av resultatregnskap, balanse og noteopplysninger. Regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge er anvendt ved utarbeidelsen av regnskapet. Årsregnskapet og årsberetningen er avgitt av foreningens styre og daglig leder. Vår oppgave er å uttale oss om årsregnskapet og øvrige forhold i henhold til revisorlovens krav.

Vi har utført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder revisjonsstandarder vedtatt av Den norske Revisorforening. Revisjonsstandardene krever at vi planlegger og utfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon. Revisjon omfatter kontroll av utvalgte deler av materialet som underbygger informasjonen i årsregnskapet, vurdering av de benyttede regnskapsprinsipper og vesentlige regnskapsestimater, samt vurdering av innholdet i og presentasjonen av årsregnskapet. I den grad det følger av god revisjonsskikk, omfatter revisjon også en gjennomgåelse av foreningens formuesforvaltning og regnskaps- og interne kontrollsystemer. Vi mener at vår revisjon gir et forsvarlig grunnlag for vår uttalelse.

Vi mener at

- årsregnskapet er avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettvisende bilde av foreningens økonomiske stilling 31. desember 2007 og av resultatet i regnskapsåret i overensstemmelse med god regnskapsskikk i Norge
- ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av foreningens regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge
- opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet og forutsetningen om fortsatt drift er konsistente med årsregnskapet og er i samsvar med lov og forskrifter.

Kragerø, 15. mai 2008
ERNST & YOUNG AS

Erik Gudbrandsen
statsautorisert revisor

## SAK 4: FASTSETTING AV KONTINGENT

Det foreslås inga endring i kontingenten for 2009

## SAK 5: BUDSJETTFORSLAG

Styrets forslag til budsjett for 2009:

| INNTEKTER | | UTGIFTER | |
|---|---|---|---|
| Kontingentar | 750 000 | Publikasjonar | 300 000 |
| Sal publikasjonar, annonsar | 225 000 | Fagdagar, årsmøte | 300 000 |
| Fagdagar, årsmøte | 325 000 | Kurs | 470 000 |
| Kurs | 560 000 | Styreutgifter | 75 000 |
| Tilskott | 100 000 | Kontor, administrasjon | 90 000 |
| Andre inntekter | 25 000 | Nordisk samarbeide | 45 000 |
| Renteinntekter | 30 000 | Lønnsutgifter | 360 000 |
| | | Prosjektmedarbeidar | 350 000 |
| | | Andre kostnader | 25 000 |
| Sum | 2 015 000 | Sum | 2 015 000 |

## SAK 6: INNKOMNE SAKER

Det er ingen saker inkomne.

## SAK 7: VAL AV LEIAR, STYREMEDLEMMER OG VARAMEDLEMMER

Valkomitèens forslag:
**Styreleiar for to år:** Johannes Sørhaug, kyrkjeverje i Porsgrunn (ny)

**To styremedlemmer for to år:**
Naomi Louise Wilde, prosjektleiar i KA (gjenval)
Hans Jakob Nes, kyrkjeverje i Molde (ny)

**To varamedlemmer for eit år**
1. Randi Moskvil Letmolie, kyrkjeverje i Horten
2. Ola Asp, dagleg leiar i Vestfold og Telemark krematorium IKS (ny)

## SAK 8: VAL AV REVISOR

Styret foreslår gjenval av revisorfirmaet Ernst & Young AS.

## SAK 9: VAL AV VALKOMITÈ

Styrets forslag:
Gunnar Wik, kyrkjeverje i Bergen
Harald Geir Sæther, Kyrkjeverje i Fusa
Mary Mentzoni Iversen, oppsynsmann i Harstad

## SAK 10: FASTSETTING AV STAD FOR NESTE ÅRSMØTE

Årsmøtet i 2007 gjekk inn for Stavanger som stad for årsmøtet i 2008. På grunn av kapasitetsproblem i hotellsektoren i samband med at Stavanger er europeisk kulturby i 2008, samt kollisjon med andre arrangement, beslutta styret å måtte velje Gardermoen i staden.
Styret foreslår derfor Stavanger som stad for årsmøtet i 2009.

# INFORMASJON OM FAGDAGAR 2008

**Tid:** 28. - 29. august 2008
**Stad:** Rica Hotel Gardermoen, Gardermoen næringspark, Jessheim

**Møteavgift:** kr. 1.620. Medlemsrabatt kjem til fråtrekk (sjå nederst på sida)

**Overnatting:** kr. 2.090 i enkeltrom, full pensjon
kr. 1.990 i dobbeltrom, full pensjon
Ekstraovernatting ved ankomst dagen før:
Enkeltrom kr. 900, dobbeltrom kr. 600 pr.pers m/frok

**Møtepakke:** kr. 1.090 for lunsj og kaffi for ikkje-buande.
Tillegg for festmiddag på hotellet torsdag kveld
kr. 350

*Program: Sjå side 2*

**MEDLEMSRABATTAR FOR KURS OG FAGDAGAR**

| | |
|---|---|
| **Fellesråd/kommune, firma, proster:** | **25% rabatt** |
| **Sokneråd:** | **15% rabatt** |
| **Personleg medlem:** | **10% rabatt** |

DISTRIBUERT AV POSTEN NORGE
NORGE P.P.

# PÅMELDING

PÅMELDINGSFRIST: 30. juni 2008

**Namn:**.................................................................................................................

**Stilling:**..............................................................................................................

**Fakturaadresse:**...................................................................................................

...............................................................................................................................

---

☐ **Møtepakke (for dei som ikkje skal bu på hotellet).**
☐ **Festmiddag torsdag kveld på hotellet**

---

**Bestilling av hotellrom med full pensjon:**

☐ **Enkeltrom**
☐ **Dobbeltrom saman med**..........................................................................

**Ekstraovernatting m/frokost 22.-23. august:**

☐ **Enkeltrom**
☐ **Dobbeltrom saman med**..........................................................................

---

**Informasjon og priser står på side 11, programmet står på side 2**

*Stadfesting av påmelding blir sendt fakturaadressen ca. to veker før møtestart, med program, faktura på møteavgift og hotellopphald / møtepakke.*

*Avmelding: Ved avmelding 10-3 dagar før kurset må 50% av møteavgifta betalast.*
*Ved avmelding 3-0 dagar før må heile møteavgifta betalast. Gjeld også ved sjukdom.*

**Send påmeldinga helst innan 30. juni til:**


## Norsk forening for kirkegårdskultur

Neslandsvatn, 3750 Drangedal

Tlf. 35 99 45 74, e-post: post@kirkegaardskultur.no

Eller bruk påmeldingsskjemaet på nettsida: www.kirkegaardskultur.no